



Arne og Pauline framfor Tess Bess (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Arne Kwast og Pauline Mouw frå Amsterdam i Nederland siglar i kvinnherske farvatn om dagen. Det trivelege paret la til kai i Uskedalen i går og siglar trulig vidare innover i dag. Dei har det herleg og ber på berre ei lita bekymring: Kvar dei kan sjå VM-finalen i fotball på TV imorgon!**

Kvartfinalen opplevde dei på Kvitsøy via norsk radio hos naboen og semifinalen såg dei på TV i Bergen.

- Vi er ikkje spesielt fanatiske med omsyn til fotball, sjølv om Ajax er favorittklubben vår. Men dette er ein heilt spesiell situasjon. Vi drøymde jo ikkje om at Nederland skulle gå heilt til finalen, seier paret som siglar i Noreg for andre gongen. Første gongen var Oslo målet.

No kom dei først til Eigersund og så var dei innom Flekkefjord og Kvitsøy før dei sigla til Bergen og vidare til Hardangerfjorden. På spørsmålet om kvifor dei stoppa i Uskedalen svarar dei:

- Det var vinden som førte oss hit!

- Kvifor ikkje bli i Uskedalen og sjå finalen på Storskjerm her?

- Då må vi venta i 2 dagar og det blir litt lenge sjølv om det er fint i Uskedalen.

Arne og Pauline prisar Noreg:- Naturen er fantastisk. Her er det nok av plass og frisk luft. Og ein eller annan gong under denne turen må vi opp på et fjell – eller kanskje opp til Folgefonna? Vi har sett breen skina i det fjerne.

Paret har ein praktfull båt, ein 43 fot lang spindrift som heiter Tess Bess og som dei kjøpte på Mallorca for 10 år sidan. Båten er like god.

Når dei ikkje har ferie og siglar er dei omreisande ekspertar på lyd og lys i teaterframсыningar.

Av Ola Matti Mathisen